

ISLAM I VEST AFRIKA

av

OLAV TOFT

På den all-afrikanske kyrkjekonferansen i Ibadan, Nigeria, i 1958 vart det sagt at islam er ei av dei største og vanskelegaste oppgåvene for den kristne kyrkja i Afrika. Det gjeld serleg beltet frå Ghana-Nigeria i vest til Kenya-Tanganyika i aust. Vidare vart det sagt av den dåverande sekretæren i Det Internasjonale Misjonsråd, Erik W. Nielsen, at det ikkje er tvil om at dei kristne kyrkjene i Afrika i dei komande åra i langt høgare grad enn tidlegare vil stå framfor ei sterk utfordring av afrikansk islam.

Men kva veit me om islam si utvikling i Vest Afrika fram til i dag? Den vanlege meininga er at islam kom til Vest Afrika på 1000-talet gjennom handels- og krigsferder frå Marokko. Men dersom det er noko i den munnlege tradisjonen, som fyrst i seinare tid har vorte skriven ned, skal islam ha funne vegen svært tidleg til dette området.

Såleis fortel von Strümpel, informert av ein sogemann i Ngaoundere, Kamerun, i byrjingen av arbeidet sitt med Adamawa si søge at Ukbar, ein ven av Omar, vart send av Muhammed for å forkynna islam i kongeriket Mali. Han slo seg ned der og vart gift med ei dotter åt kongen i dette landet. Mot slutten av sine dagar overlet han familien sin i varetakta åt ein frigjeven mann som sto han nær, og vende sjølv attende til Mekka.¹

Også i Ghana og Fouta-Jalon vert det fortalt at det kom sendebod frå Arabia på den tid då Muhammed levde for å gjera ein fyrste freistnad på å breia ut islam i desse heidenske strøka.

I mange år gjekk det trått med å vinna inngang for islam i Vest Afrika. Arbeidet stod kan ein vel seia i stampe fram til

1700-talet, då ei rask og vidtfemnande utvikling tok til med dei teokratiske negerrika og eit hundre år seinare med den fransk-britiske okkupasjonen.

Det ligg føre ei skriftleg melding om den gode inngangen islam fekk i Wandala-landet i Nord-Kamerun frå 1715 og fram til våre dagar. Denne meldinga er interessant også av di ho er eit godt døme på islamsk misjonsstrategi mellom stammefolka i Vest Afrika. Det heiter her² at to islamske lærarar, Malum Muhammed Guro og sonen hans frå Fez i Marokko, kom frå Mekka til Wandala i lag med Dedenwere, barberen deira. Så snart Bukar, arveprinsen i Wandala, fekk greie på dette, sende han bod etter dei og ba dei slå seg ned hjå seg som lærarar knytte til hans person. Dette sa dei seg viljuge til på vilkår av at prinsen vart muslim. Og det gjekk han med på.

Men no hende det at sultanen i Wandala døydde, og Bukar vart kalla til å ta over turbanen etter han. Då sa Guro til Bukar: «Etter di du skal verta sjef, må du også verta muslim. Som eg har sagt deg føre, bør du skipa til omskjering, bøn, faste og sælebotsgåver.»

Då Bukar sa frå om dette til folket sitt, gjekk halvparten med på å fylgja den unge sultanen på den nye vegen. Barberen omskar dei nyomvende og lærarane underviste dei. Muhammed Guro vedtok at Bukar skulle få tilnamnet «Haji», sjølv om han ikkje hadda vore til Mekka, som ei utmerking fordi han hadde ført så mange til omvendning.

Ein dag kom Bukar til Guro og sa: «Wandalene likar meg ikkje. Dei vil jaga meg. Be til Allah at eg framleis må verta verande deira sjef. Vert eg og familien min verande sjef for dei, skal eg gje deg hundre av kvar ting som eg eig.» Guro ville ingen ting ha, men gjorde i staden framlegg om fylgjande: «Så lenge du og familien din styrer, vil eg og etterkomarane mine vera dykkar lærarar. Syt vel for oss, slå oss ikkje eller kasta oss i fengsel.» Denne avtalen vart skriven i to eksemplar, eit for sultanen og eit for Guro, og desse papira var i dei to familiane si eige til 1895, då ein som heitte Rabeh tok makta og drap sultanen. Det eksemplaret som var i det kgl. arkivet gjekk tapt,

og sameleis det som var i lærarane si eige, etter di den som då var lærar vart myrda. Broren åt denne var lærar hjå den nye sultanen til han døydde i 1924. Då fekk sonen hans plassen og er på den framleis. Trass i at dei to dokumenta gjekk tapt, har denne semja vorte teken omsyn til fram til denne dag av sultanane i Wandala.

Etter at Vest Afrika hadde vorte opna av europearane og seinare okkupert av desse, kom islam til å få ei rask og sterk utbreiing m. a. av fylgjande grunnar:

Kolonimaktene bygde vegar og jarnbaner og dette gjorde det lettare og samstundes tryggare å reisa enn før. Dei muslimske misjonærane kom svært ofte til heidningane i eigerskap av händelsmenn. Dette gjeld serleg hausahandelsmennene, som vert haldna for å vera ryggraden i islam i heile Vest Afrika. Ein kan sjå dei over alt — frå dei mest avgøymde stadene i jungelen i ferd med å driva knoklut buskap mot sud for sal langs vegen. Ein møter dei i byar og landsbyar med pakker og småartiklar til sals for elfenbein og innfødde produkt. Kvar dei går tek dei godt vare på islamsk sed og bruk og folk legg såleis merke til dei sjølve og religionen deira.

Langs dei nye ferdsléarene grodde det med tida opp til dels større byar, som drog til seg mange rotlause individ, innfødde som vart isolerte frå sine eigne stamme-miljø. Desse, som bar på ein sterk trang etter å slutta seg til andre sosiale grupper, vart ofte eit lettkjøpt bytte for islam.

Dei kvite administratorane sitt mål var fyrst og fremst å skapa fred og orden i dei okkuperte områda. I religiøse spørsmål var dei som oftast nøytrale. Dei let det stå fritt for den einskilde høvding og sjef å velja den religionen som han sjølv ville ha. Kolonimaktene gav dei gjerne føremunar for å stå på god fot med dei. Dei feudale emirene vart t. d. informert om at islam skulle vera den offisielle religionen i kvart område som hadde islamsk sjef. På den måten fekk desse høvdingane eit godt høve til å draga store vestafrikanske folkemengder til seg etter prinsippet «cujus regio ejus religio».

Over alt i dei franske områda fekk alle islamske lærarar lov til å reisa og etablera seg. Den same retten vart ikkje gjeven til dei kristne lærarane fordi franskmennene var ikkje alltid konsekvente.

Etter bøn frå muslimane gav det franske kolonistyret pengar til bygging av moskear, og franske administratorar stod gjerne i brodden for å teikna inn dei som ville reisa med fly på pilegrimsferd til Mekka.

Då kolonistyret tvinga igjennom flyttefridom, førde dette til at område som tidlegare heilt hadde isolert seg mot islam, t. d. det gamle Ashantiriket, nå måtte finna seg i å opna for dei islamske handelsmennene og ei fredeleg utvikling av islam tok til. Mange landsbyar vart gjerne kløyvde i to sjølvstendige halvpartar med heidske ibuarar i den eine og muslimar i den andre. Det har fram til i dag rått ein viss innfødd opposisjon mot islam her, etter di statar som Ghana og Mali i si tid vart førde til islam med makt.

Den sterkaste faktoren i den islamske infiltrasjonen i Vest Afrika i dag er Ahmadiyya-rørsla.

I Sierra Leone Bulletin of Religion for juni 1960 karakteriserar Humphrey Fisher denne som «ei eklektisk sekt og heretisk sekt, grunna av ein indisk mystikar og polemikar Ghulam Ahmad frå Qadian.³» Han steig fram som madhi med guddomleg krav på å reinsa islam, men i motsetnad til ortodoks islam ville han gjennomføra madhi-oppgåva på ein fredleg måte. Han lærde m. a. at djihad, den heilage krigen, ikkje skulle førast med våpen og vald, men på fredeleg vis.

Denne påstanden hans førde til at Ahmadiyya-rørsla i 1915 vart kløyvd i to grupper. Den eine gruppa, med sentrum i Lahore, hevda at Ghulam Ahmad berre var ein reformator og ingen profet, som han sjølv gav seg ut for å vera. Den andre gruppa heldt han for å vera ein profet eller jamvel Messias.

Det er den s. k. Lahore-gruppa som driv misjon i Vest Afrika. Det som sermerkjer Ahmadiyya-rørsla er misjonsaktivitet og ei

fast tru på at gjerningen skal lukkast. «Sola kan forlata si bane, stjernene sine fastsette plassar, jorda kan slutta å rotera kring sin akse, men ingen ting kan hindra islam å sigra», heiter det.⁴

Den som vil verta medlem av Ahmadiyya må gje fylgjande lovnad: «Eg skal alltid sjå det som mi viktigste oppgåve å breia ut islam».⁵

Denne rørsla har sett seg tre mål: 1) Å reformera og reinsa islam. 2) Å forkynna på ein slik måte at moderne menneske kan forstå islam. 3) Å vinna i tevlinga med kristendomen ved å kopiera den kristne tru og gjerning.

Denne livskraftige misjonsrørsla, som karakteristisk nok har vorte kalla spjutodden i den islamske infiltrasjonen i Vest Afrika,⁶ går ikkje ut på å grava bort grunnen for ortodoks islam langs den vest-afrikanske kysten, men vil føra initiativ og nye krefter til denne. Rørsla har fått størst utbreiing mellom jorubafolket i Nigeria. I 1916 slo dei fyrste ahmadiyya-misjonærane seg ned i Lagos, og der gjekk det godt med dei til dei ein dag nekta å be attom ein ikkje-ahmadi imam. Då kom det opp at dei vart haldne for å vera heretikarar av ortodokse muslimar og ein beisk strid tok til. I 1939 ville ikkje al-Masih kalifatet i Qadian vita av den nigerianske gruppa, av di ho ikkje gjekk med på at Ghulam Ahmad var profet. Denne svara med å bryta alle band med Qadian. Eit parti nekta å slå lag med denne separatistiske retningen, og etter eit langt tvistemål om eigedomsretten til ahmadiyyamoskeane, vann dette saka i retten.

Leiarane for dei to partia arbeidde for å få til ei semje, men det lukkast ikkje. I staden vart det enno eit kløyve og eit tridje parti, som kalla seg Muslim Mission Community, stod fram. På grunn av desse sekteriske rørslene har Lagos med sine tre sjef-imamar og tre fredags-moskear vorte eit skræmmande døme på islamsk kløyve.

Ahmadiyya går aktivt inn for oppseding av borna og ungdomen og har primærskular i mange viktige sentra. I Lagos ligg Tinubu High School. Planar har også vorte lagde for å opna skular for gjenter.

Til Ghana kom Ahmadiyya i 1921, og hadde etter seks års arbeid der 40 greiner med ca. 3000 tilhengjarar. Serleg god har inngangen vore mellom evolué-klassa på kysten.

I Ashanti er det ahmadiar berre i nokre få landsbyar. Ein høgre skule i Kumasi har pakistanske lærarar i staben sin. Det finst elles skular i hovudsentret Saltpond, i Ekrawfo o. a. stader.

Også i Dahomey og Gambia er tilhengjarane få, men i Sierra Leone har rørsla vunne god inngang. Nyleg kom den fyrste islamske lækjar-misjonæren til dette landet og har byrja arbeid etter kristent mønstre. Det er skular i gang m. a. i Freetown, Bo, Magburaka og Rokofor.

Ahmadiyya-rørsla skil seg på mange vis ut frå dei tidlegare islamske samfunna i Vest Afrika. Pakistanske leiarar, som har kontrollen med denne, arbeider mykje for å forma eit spesielt samfunn, ulikt alle andre. Vanlege muslimar reagerar sterkt mot ymse ting innafor ahmadiyya, m. a. at kvinner får gå inn i moskear og be attom menn og at bruda får lov til å vera til stades under bryllaupet for å gje sitt samtykke. For kvinnene sitt vedkomande gjeld den skikken at ingen har lov til å gifta seg med ein ikkje-ahmadi, med andre ord tvungen endogami.

Når ahmadiyya-rørsla i hovudsaka arbeider i britiske område, er det for språket si skuld. Propagandaen vert driven på engelsk.⁷

Med omsyn til vurderinga av islam sin framgang i Vest Afrika gjer to syn seg gjeldande.

Det eine hevdar at omfanget av effektiv islamsk inntrenging ikkje må verta lagt for stor vekt på. I det fyrste kvartalet av 20. hundreåret har dei tyske granskarane, dr. Külz og Diedrich Westermann, peika på at islam i lengda ligg under for kristendomen. Den raske framgangen åt islam har sin grunn i at islam ikkje har teke opp Afrika sine eigentlege problem: polygamiet, slaveriet og magien. Dermed gjer islam propagandaen sin lett. Islam gjer dessutan krav på å vera berar av ein høgre kultur, og dreg ved det lett dei kultur-

hungrige mengdene til seg. Han kjem, kan ein seia, med ei fane som alle dei farga folka kan samla seg ikring. Her er ingen rasemotsetnad, for alle høyrer med til den store brorskapen. Når dei innfødde tek imot islam, fører det ikkje til noko radikalt brot med den gamle religionen. Dei slepp t. d. gje avkall på sine kjære amulettar og den så vel omtykte talisman. Desse vert gjerne styrkte ved islamsk trolldomskraft.

Polygamiet er heller ikkje noko problem for muslimane. I følgje islamsk lov kan ein mann ha fire koner og konkubiner — eller rettare — slavekvinner, så mange som han vil.

Det er i grunnen eit under at negeren ikkje heller grip denne å sjå til høgre kulturen og som er så lett å koma til enn kristendomen med monogami og barsk forsaking av alt heidensk vesen.

Den tyske misjonsinspektøren F. M. Zahn delte dette synet og har forma fylgjande spørsmål: Kva er grunnen til at islam under desse tilhøva ikkje alt for lenge sidan har vunne Afrika? Det er dette som er det merkelege, ikkje den raske utbreiinga av islam.⁸

J. Spencer Trimingham er i dag av same meining og viser til at det framleis er mange folk, jamvel i nordlege delen av Vest Afrika, som har vorte lite påverka av islam, m. a. serer og jola i Senegal og bambara og dogon i Sudan. Og khasonkene i Øvre Senegal syner kor lang tid islam kan trengja for å påverka eit folk som denne religionen har vore i kontakt med i fleire hundre år.

Då franskmennene tok over desse områda, var det mange av dei som tidlegare hadde vorte tvinga til å betala nominell lydnad som vende islam ryggen. Islam sin framgang etter den franske okkupasjonen har nok vore stor, og skal ein døma etter det som ein ser langs handelsvegane må den reisande lett få det inntrykket at Vest Afrika stort sett er islamsk. Men går ein inn til folka i bushen, vil inntrykket verta mykje annleis. Like til vårt eige hundreår har skogsfolka i sud stått utafor den islamske rekkevidda.

Nokre av dei sterkaste motstandsfasorane er familie- og

mysteriekult som råder over samfunnslivet. Element i animistkulturen, sett isolert, vil ikkje by på store hindringar. Fedrekulten kan verta akkomodert på eit tidleg omformingsstadium, etter di udøyelegdomstrua er ein integrerande del av islam.

Gruppeomvending er det mest normale, men då må fyrst grunnen vera godt preparert. Avgjerdsla kjem i hovudsaka som resultat av ein kombinasjon av ytre press og indre nedbryting av den religiøse autoriteten i samfunnet. Trimmingham legg stor vekt på at skiftet frå landsbyreligion til islam primært har vore eit sosialt fenomen.⁹

Dei einskilde landsby-folka vart ikkje muslimar, men berre dei som flytte til byane, handelsmenn og slavar som hadde mist sambandet med stamma. Men i det nye Vest Afrika er overgang av heidningar ein for ein vanleg, serleg i dei områda der folka lever av jordbruk.

Dei religiøse tilhøva i Vest Afrika er prosentvis o. l. slike: kristne 4,4, muslimar 36,3, heidningar 59,3. Som ein ser er talet enno stort av dei som vert rekna for å vera heidningar. Men dei etniske religionane er dømde i sine gamle organiserte former, og etter kvart som dei forfell, vil tilhengjarane ha valet mellom islam, kristendom eller sekularismen. Det ser ut som om islam vil vinna fleire enn kristendomen. Islam er afrikansk medan kristen misjon kjem frå vest og lyt li på grunn av det. På mange stader er han stagnerande, og dei afrikanske kristne har liten misjonstrang. Sjølv om islam også er stagnerande, har han marka for seg sjølv over store områder og kan der spreia seg fritt.

Islam vil auka i tal, men ein ting må me i denne samanhengen ikkje gløyma: spreinga av vestleg sekularisme. Utan tvil vil den vestlege sivilisasjonen ha større verknad på s. k. neo-muslimar enn islamsk kultur. Afrikanarane vil få nye tenkjemåtar, nye idear i statsfunksjonen, men også nye idear av religion i ei sekularisert verd.

Det andre synet går ut på at ein frå kristent synspunkt må

ta den islamske infiltrasjonen i Vest Afrika mykje alvorleg. Ein islamkjennar som Cecil Northcott er slått over den raske framgangen åt islam. Islam er nå ein alternativ religion til kristendomen, seier han, og peikar på at den islamske suksessen i dei store byane i Vest Afrika, appellen til dei sekulariserte intellektuelle så vel som til dei som lever i bushen og identifikasjonen med afrikansk sosialt liv er teikn på islam si sterke rørsle framover.¹⁰ Alle som stoggar nokre dagar i Ibadan vil snøgt merka den indre krafta i islam. Ugløymande er også det inntrykket ein får ved ein fredag å sjå gjennom den lange glasveggen i Accra Community Centre når bygningen er full av truande som bed.

Nyleg var Cecil Northcott i Vest Afrika — for andre gongen på seks år — og vart mykje uroleg ved tanken på framtida åt dei kristne samfunna som har vorte planta langs den vestafrikanske kysten.

I eit land som Sierra Leone fann han kristendom, islam og gamal heidenskap i ei underleg blanding. Islam dominerar innlandsstammene med unnatak av mendefolket. Sierra Leone Kristne Råd kan opplysa at talet på dei kristne i heile landet er mindre enn 5 prosent.

På bakgrunn av dette spør Northcott kva som vil henda dersom den kristne minoriteten vert utsett for eit sterkt åtak frå islam. Vil det frie Sierra Leone utvikla seg til å verta ein verkeleg islamsk nasjon?¹¹

Men det var fyrst då han kom til Nigeria at han for alvor vart gripen av islam si sterke makt. Gjennom heile Vest Nigeria går islam fram med jamn fart ved påverknad av handelsfolk og profetar, ofte importerte frå Egypt eller Nord Nigeria.

Folka i Jorubalandet, som for 100 år sidan ynskte kristendomen velkomen, opnar nå døra for islam. Berre i Ibadan er det 600 moskear av ymse slag. Også i Nord Nigeria ser det ut til at islam har like store sjansar som kristendomen til å vinna inngang mellom dei fleste heidenske folka.

Det har vorte sagt at når det gjeld det tidlegare Fransk

Vest Afrika, Sierra Leone og Vest Nigeria går islam fram ti gonger så fort som kristendomen. Grunnen til dette er, meiner Northcott, at islam er ein typisk samfunnsreligion og difor stettar ein sterk trong hjå afrikanaren. Me har presentert kristendomen som ein individualistisk religion. Men dei afrikanske folka har ein sterk trong til å stå saman, og nett-opp i den islamske brorskapen finn dei utløysing for denne kjensla. Her eksisterar det ingen rasemotsetnad og den kvite mannen dominerar ikkje. Islam stig i dag fram som ein heimleg afrikansk religion, som vil draga alle dei svarte folka til seg.

Kampen om Afrika si sjel har gått inn i eit nytt tempo, hevdar Northcott. Me her heime har altfor lett slått fast at det ikkje hastar, for Afrika ville gradvis verta kristna. Men det er ikkje noko som heiter gradasjon i det moderne Afrika.¹²

At det hastar med å auka vår kristne innsats i Vest Afrika skulle også det som har hendt med Mauretania tala for. Islam vart førd inn i det ellefte hundreåret av vandrande berberstammar som kom frå nord og av arabarar på veg gjennom Mauretania til Sentral-Afrika for å skaffe seg slavar, gull og elfenbein. I november i fjor, då dette landet vart sjølstendig, tok det namnet «Den Islamske Republikken Mauretania». I dette namnet ligg det ei klår fråsegn om kva religion som har overtaket.¹³

Endeleg må det nemnast at Nasser, Egypt og Den sam-einte arabiske republikken sin leiar, har gått inn for ei rask utbreiing av islam på sitt eige kontinent, dermed også i Vest Afrika.

For nokre år sidan uttalte han fylgjande: «Her står me midt i eit system av sirklar, der me skal fullføra vår oppgåve: Fyrst den arabiske og så den afrikanske, der me høyrer heime. For det tridje har me den sirkelen som kallast den islamske brorskapen.»

At han på alle måtar har freista å halda den arabiske verda i si hand, er ei kjend sak. Det som i denne samanhengen

har interesse er at han så aktivt har kasta seg over dei to andre sirklane.

I januar i år møtte han venene sine mellom dei nord- og vestafrikanske leiarane i Casablanca, der kong Mohammed V var innbjudar og vert. Dei fleste som var til stades på det s. k. «afrikanske toppmøtet» var muslimar, og saman la dei planar for Afrika si framtid.

Før dette året er ute skal radiostasjonen «Islams røyst» etter planen verta opna i Kairo — som eit komplement til «Arabarane si røyst», som sender ut politisk propaganda på 240 språk.

Det vert desutan meldt at Nasser tenkjer på å senda ein «religiøs attaché» til kvar av ambassadene eller legasjonane sine i dei nye statane i Afrika.¹⁴

Det er såleis mykje som tyder på at me verkeleg bør ta islam sin framgang i Vest Afrika alvorleg. Utan tvil er islam kristendomen sin verste medbeilar og motstandar i Vest Afrika. På sume stader bryt motstanden mot dei kristne ut i open forfyljing. Det ligg føre fleire døme på det, og eit skal her verta nemt frå Kamerun: Før ikkje lenge sidan kom det melding frå lamido i Rei-Bouba at all samling om Guds ord på hans område var forbode. Nå var det i ein landsby fem unge menn som hadde teke imot den kristne trua og mest fullført bygginga av eit kapell, då dei brått fekk ordre om å riva det ned att. Lamido kom til dei og spurde om dei ville ha Guds ord i byen sin.. Då dei stadfeste det, baud han at dei skulle syngja litt så han fekk høyra. Medan dei gjorde det, kom soldatane og tok alle dei som hadde songbøker. Bøkene vart brende og leiarane kasta i fengsel. Dei kom fyrst ut att då slektingane hadde betalt 10.000 frs. for kvar.

Med god grunn må ein ha lov til å spørja: Korleis skal framtida verta for den kristne kyrkja i Vest Afrika? Dette er eit spørsmål me som kristne bør ta alvorleg. Den kristne oppgåva har aldri vore lett i Vest Afrika, men ingen gong så tung som i dag.

NOTAR

- ¹ Etudes Camerounaises, Septembre—Décembre 1952, s. 5.
- ² Bulletin de la Société d'Etudes Camerounaises, Numéros 15—16, s. 105.
- ³ Citert i World Christian Digest, June 1961, s. 40.
- ⁴ Cit. v. Arvid Svärd i «Folkets Framtid», 22. april 1961.
- ⁵ E. Kellerhals: Der Islam s. 274.
- ⁶ World Chr. Dig. s. 40.
- ⁷ J. Spencer Trimingham: Islam in West Africa s. 230—232.
- ⁸ Gottfried Simon: Die Welt des Islam s. 293.
- ⁹ Trimingham s. 224.
- ¹⁰ The Muslim World, October 1959, s. 344.
- ¹¹ World Chr. Dig. s. 40.
- ¹² Ibidem s. 41.
- ¹³ The Muslim World, April 1960, s. 153.
- ¹⁴ A. Svärd i «Folkets Framtid», 22. april 1961.